



Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/00053-57
Saksbehandlar Svein Rune Notøy

Særutskrift - Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommuner - 2. gongs høyring og offentleg ettersyn

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	10.03.2025	PS-13/25

Formannskapet har behandlet saken i møte 10.03.2024 sak PS-13/25

Møtebehandling

Saka vart tatt før orienteringssakene

Varaordførar Torill Einara Nerbøvik (SP) bad formannskapet vurdere om ho som einingsleiar for plan og byggesak i Hustadvika kommune og tidlegare rådgjevar i Aukra kommune er inhabil etter kommuneloven § 11-10. Ho vart samrøystes vurdert som habil etter same paragraf.

Rådgjevar i Hustadvika kommune Jannicke Hesthol Løvik og arealplanleggar i Hustadvika kommune Hanna Karstensen orienterte

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt

Formannskapetets vedtak

Formannskapet viser til plan- og bygningslova § 11-14, og vedtek å leggje interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar ut til andre gongs høyring og offentlege ettersyn i åtte veker.

Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommuner - 2. gongs høyring og offentleg ettersyn

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet viser til plan- og bygningslova § 11-14, og vedtek å leggje interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar ut til andre gongs høyring og offentlege ettersyn i åtte veker.

Bakgrunn:

Interkommunal sjøarealplan er ein felles kommunedelplan som regulerer sjøområda til kommunane Aukra og Hustadvika. Sjøarealplanen er kommunens overordna, heilheitlege styringsdokument i sjø, som gjev føringar for den langsiktige samfunnsutviklinga og arealdisponeringa i kommunane, og skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Sjøarealplanen består av plankart, føresegner, planomtale, risiko- og sårbarheits analyse og konsekvensutgreiing der det går fram korleis nasjonale mål, retningslinjer og overordna planer for arealbruk er ivaretatt. Plankartet viser hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areala.

Hovudgrepa i planforslaget:

- Formalisere gjeldande arealbruk i sjø.
- Avsette område til mellom anna akvakultur, fiske, naturområde, hamn og friluftsområde.
- Verne naturmangfald og kulturmiljø ved hjelp av omsynssoner.

Kommunane har samarbeida om planoppdraget i samsvar med kapittel 9 i plan- og bygningslova. Arbeidet er gjennomført med felles planleggingsressursar, og har vorte leda av ei styringsgruppe med lik representasjon frå kommunane, jamfør plan- og bygningslova § 9-2.

Utgreiing:

Det vart varsla oppstart av arbeidet med interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommuner, inkludert høyring av planprogram, i månadsskiftet januar/februar 2022 (formannskapet sak PS-4/22 i Aukra, og hovudutval for teknisk, miljø og næring sak PS-2/22 i Hustadvika).

Eit komplett planforslag vart lagt ut til fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn den 02.05.2023, med frist for å kome med merknader sett til 07.07.2023. Det kom inn totalt 21 merknadar til planforslaget, inkludert motsegner frå Fiskeridirektoratet, statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Fiskeridirektoratet saman med statsforvaltaren hadde motsegn knytt til føresegnsområda forbod mot taretråling. Statsforvaltaren si motsegn gjekk i hovudsak ut på manglar ved konsekvensutgreiinga, og mangel på vern i områder med viktig naturmangfald. Møre og Romsdal fylkeskommune hadde motsegn knytt til manglande areal avsett til framtidig utvikling av akvakulturnæringa, samt manglande fleksibilitet på anlegg i Krekvikbukta og Kornstad i Hustadvika kommune. Merknader frå naboar og grendelag var i stor grad knytt til støy, lys- og lyd forureining frå akvakulturanlegga nær land i begge kommunane. Alle dei innkomne merknadane etter fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn er vedlagt saka i si heilheit. På grunn av antalet og omfanget av dei innkomne merknadane, vert desse oppsummert og kommentert i eit eige dokument som er vedlagt saka.

Innleigd plankonsulent har vore Lode Plankompetanse AS, og Norconsult AS fram til fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn. Etter fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn har kommunen utarbeida nytt planforslag sjølv, utanom plankart og konsekvensutgreiing som er utarbeida av Norconsult AS.

Det har teke tid å gå igjennom alle merknadar, samt å avklare motsegner frå offentlege instansar. Merknadane og motsegnene som er kome inn har vidare ført til eit større revideringsarbeid av planforslaget, og behov for ei ny andre gongs høyring og offentlege ettersyn. Endringane som er gjort i planforslaget er nærmare beskrivne nedanfor og i eit eige dokument vedlagt saka.

Endringar i planforslaget etter fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn

Det er gjort endringar i plankart, føresegner, planomtale og konsekvensutgreiing med bakgrunn i merknadene som er kome inn.

Føresegner:

- Presisert kva som skal vere føresegner og retningslinjer.
- Tatt ut plankrav frå føresegnsområde i Harøysundet.
- Eigne føresegner for omsynssoner, bandleggingssoner og føresegnsområde.

Plankart:

- Nye føremål: Naturområde (NO) og kombinasjonsformålet Friluftsliv og fiske (FRI/FI)
- Tatt ut føremålet småbåthamn, då dette er eit føremål som vert brukt på land, og ikkje i sjø
- Tatt ut omsynssone H910 då alle reguleringsplanar som fortsett skal gjelde høyrer til kommuneplanens arealdel
- Fjerne føremålet fiske fra munningsfredningssoner
- Redusere fleire område med akvakultur til dagens konsesjon
- Tatt inn fleire omsynssoner for naturmangfald
- Det er laga eige temakart for omsynssoner knytt til friluftsliv. Om alle omsynssonene for friluftsliv skulle ha vore med i plankartet, ville det ha blitt dårleg lesbarheit grunna kombinasjon av fleire ulike føremål/omsynssoner som overlappar kvarandre.
- Tatt inn fleire undersjøiske kablar og gitt desse omsynssone i h.h.t. tilbakemelding frå Shell (Nyhamna gassanlegg).

Planomtale:

- Planomtala er korta ned nokre plassar.
- Nokre punkt er oppdatert med ny informasjon.

Konsekvensutgreiing:

Planen har ein konsekvensutgreiing som går gjennom konsekvensar for ny arealbruk sett i forhold til dagens situasjon. Konsekvensutgreiinga er utført av Norconsult AS. Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har kommunene gjort nye tilleggsvurderingar i konsekvensutgreiinga på samla belastning i Julsundet. Tilleggsvurderingane er utført etter same metode som i opprinnelig konsekvensutgreiing.

- Det er gjort tilleggsvurderingar på samla belastning på naturmangfald i Julsundet. (Kråkneset, Aukrasanden og Storvika). Alle tre utvidelsene fikk konklusjon *anbefales ikke* med bakgrunn i den samla belastninga.
- Ny vurdering av trekkroute for hjortevilt med Lianeset
- Ny vurdering vandringsrute fisk Ørjavik og Gaustad

Med bakgrunn i merknader frå Kystverket, Statsforvaltaren og naboar har vi valt å snevre inn akvakulturlokalitetane Kråkneset, Storvika, Gaustad, Ørjavik, Sandholmane og AKV_13.

AKV_12 i Aukra er også tatt ut av planen for å minimere den samla belastninga på den naturlege tareskogen i området.

I den reviderte sjøarealplanen som nå vert lagt fram er område med viktig naturmangfald vurdert på nytt, og vist med omsynssone H560.

Motsegner som ikkje blir imøtekomne i revidert planforslag:

Møre og Romsdal fylkeskommune:

Manglande areal avsett til framtidig utvikling av akvakulturnæringa. Generelt meiner vi planforslaget er lite imøtekomande med sikte på framtidig utvikling og dels for eksisterande havbruksnæring. Samstundes blir det foreslått å sette av store areal til tare dyrking. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at kommunane legg til rette også for tare dyrking, men summen av områda i framlegget frå Hustadvika og Aukra, vil blokkere for all annan akvakulturetablering vil ikkje vere i tråd med nasjonale mål om vekst i havbruksnæringa, sjølv om planforslaget er gunstig for tare. Vi ber derfor om at nokre av dei føreslegne akvakulturområda til tare dyrking blir opna også for anna akvakultur i planen. Vi har motsegn til planen inntil dette er gjort

Vurdering av motsegna:

Konsekvensutgreiinga har vurdert to andre område for tradisjonell akvakultur, men har kome fram til at tiltaket ikkje vert anbefalt. Sjå tiltak 15 og 24 i konsekvensutgreiinga.

Statsforvaltaren og Fiskeridirektoratet:

Føresegnområda Gossa-søraust og Stemma, og føresegn § 9.1 til områda #1 og #2. Motsegna er grunngjeven med:

- Manglande heimel i plan- og bygningslova til å forby taretråling
- Manglande sakleg grunngjeving for restriksjonar på taretråling
- Planforslaget kjem i konflikt med tang- og tareinteresser av nasjonal
- betydning.

Vurdering av motsegna:

Kommunedirektøren har vurdert å oppretthalde føresegnsområde #2 Stemma for forbod mot taretråling. Dette med bakgrunn i naturmangfaldsverdiane og friluftsverdiane i området.

Grunngjeving for føresegnsområda er lista opp i planomtalen side 31 og 32. Det er mogleg å taretråle i områda utanfor føresegnsområdet.

Konklusjon:

Dei innkomne motsegnene og merknadane til planforslaget er svart ut i dokument vedlagt saka.

Alle innkomne kommentarar etter første gongs høyring er samla i eige vedlegg, der merknader som gjeld Aukra kommune er merka med grønt.

Kommunedirektøren tilrår derfor at revidert planforslag for interkommunal sjøarealplan Aukra og Hustadvika kommunar vert lagt ut til andre gongs høyring og offentlege ettersyn i åtte veker.

Administrative konsekvensar

Medgått tid til saksbehandling i Aukra og Hustadvika kommunar.

Folkehelsekonsekvensar

Planforslaget vidarefører eksisterande akvakulturanlegg, og føresleg samstundes område som kan være aktuelle for nye akvakulturanlegg. Enkelte personar kan oppleve at akvakulturanlegg, spesielt dei som ligg nær land og busetnad, medfører visuell forureining, samt forureining i form av lys, lyd og lukt i ei slik grad at dette kan påverke den generelle trivselen og helsa. Samstundes legg planforslaget

opp til å sikre viktige friluftsområde i sjø, og gjere desse meir tilgjengelege for aktuelle brukarar. Å leggje til rette for varierte friluftaktivitetar i sjø er positivt for den generelle folkehelsa.

Klima- og miljøkonsekvensar

Det er fleire konsekvensar for klima og miljø i dette planforslaget, sjå eige dokument (konsekvensutredning med ROS-analyse).

- Meir bruk av omsynssone H560 gjev eit betra vern av artar
- Bruk av formål naturområde gjev eit betra vern av artar
- Forbod mot taretråling
- Justering av akvakulturområda grunna omsyn til naturmangfald

Økonomiske konsekvensar

Å sette av område til akvakultur i sjøområda til kommunane vil gjere det lettare for næringa å etablere seg, og vil medføre ekstra arbeidsplassar, og samstundes ei auke i skatteinntektene til kommunane.

Geir Janos Göncz
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Gerd Marit Langøy
Kommunedirektør

Særutskrift

Etter adresseliste

Vedlegg

- 1_Interkommunal sjøarealplan - revidert plankart, Aukra
- 2_Interkommunal sjøarealplan - temakart friluftsliv, Aukra
- 3_Interkommunal sjøarealplan - reviderte føresegner og retningslinjer
- 4_Interkommunal sjøarealplan - revidert planomtale
- 5_Interkommunal sjøarealplan - revidert konsekvensutgreiing
- 6_Interkommunal sjøarealplan - oppsummering og kommentar av merknader etter fyrste høyring
- 7_Interkommunal sjøarealplan - endringer som er gjort i plankart etter fyrste høyring
- 8_Interkommunal sjøarealplan - uttale Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- 9_Interkommunal sjøarealplan - uttale Møre og Romsdal fylkeskommune
- 10_Interkommunal sjøarealplan - uttale Kystverket
- 11_Interkommunal sjøarealplan - uttale Mattilsynet
- 12_Interkommunal sjøarealplan - uttale Aukra næringsforum
- 13_interkommunal sjøarealplan - uttale Averøy kommune
- 14_Interkommunal sjøarealplan - uttale Fiskeridirektoratet
- 15_Interkommunal sjøarealplan - uttale Eikrem Grendalag
- 16_Interkommunal sjøarealplan - uttale Forum for natur og friluftsliv
- 17_Interkommunal sjøarealplan - uttale naboer i Lillevik og på Gaustad
- 18_Interkommunal sjøarealplan - uttale Kristian Gjendem
- 19_Interkommunal sjøarealplan - uttale MOWI Seawater Norway AS
- 20_Interkommunal sjøarealplan - uttale Salmar Oppdrett AS
- 21_Interkommunal sjøarealplan - uttale Ståle Huse

- 22_Interkommunal sjøarealplan - uttale Sør-Norge Fiskarlag
- 23_Interkommunal sjøarealplan - uttale Torhus shipping
- 24_Interkommunal sjøarealplan - uttale Vikenco AS
- 25_Interkommunal sjøarealplan - uttale Jon Erik Gjendem
- 26_Interkommunal sjøarealplan - uttale Omya Hustadmarmor AS
- 27_Interkommunal sjøarealplan - uttale Robert Solem
- 28_Interkommunal sjøarealplan - uttale Shell (Nyhamna gassanlegg)

RETT UTSKRIFT

DATO 11.mars.2025